

Interkommunal kommunedelplan for

Fjellheimen villreinområde

2016 – 2027



Foto : G. Bergo

Vedteken av kommunestyret i:

Aurland kommune	saknr.:	Dato:
Høyanger kommune	saknr.:	Dato:
Masfjorden kommune	saknr.:	Dato:
Modalen kommune	saknr.:	Dato:
Vaksdal kommune	saknr.: 30/16	Dato: 26.05.2016
Vik kommune	saknr.:	Dato:
Voss kommune	saknr.: 43/16	Dato: 23.06.2016

1. Innleiing	3
2. Føremål	3
3. Planarbeid	3
4. Planområde	4
5. Planstatus	5
6. Nasjonal / regional politikk	5
6.1. Nasjonal politikk	5
6.2. Regional og kommunal politikk.....	6
7. Villreinen i Fjellheimen.....	7
8. Føresegner for planområdet	9
8.1. Vedtekne planar.....	9
8.2. Bandlegging etter Naturmangfaldlova	9
8.3. Sikringsone for drikkevatn.....	9
8.4. Område for spreidd hyttebygging.	9
9. Retningslinjer for planområdet.....	10
9.1 Retningslinjer omsynssone (OM560_1) for bevaring av naturmiljø	10
9.2. Omsynssone for friluftsliv (OM530).....	12
9.3. Bevaring av kulturmiljø (OM570)	13
9.4. Retningslinjer omsynssone (OM560_2) randområde til leveområde for villrein	13
10. Planarbeid og sakshandsaming i villreinområdet og randområda	14
11. Vurdering av planframleggget etter naturmangfaldlova	15
12. Handlingsprogram 2016 - 2019.....	17
13. Vedlegg.....	18

1. Innleiing

Villreinen brukar store areal i sin årssyklus. Reduksjon og punktering av villreinen sine leveområde, saman med auka ferdsle er ei stor utfordring i villreinforvaltninga. Det er derfor avgjerande å ha god kunnskap om kjerneareala for villreinen for å kunne forvalta reinen på ein forsvarleg og framtidsrettet måte. Det bør derfor utarbeidast heilskaplege planar for dei ulike villreinområda.

I samband med godkjenning av reguleringsplan for Voss Fjellandsby forplikta Voss kommune seg til å utarbeide ein kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde. Villreinområdet omfattar kommunane Voss, Vaksdal og Modalen i Hordaland og Aurland, Vik og Høyanger i Sogn og Fjordane. I tillegg har Masfjorden kommune areal som villreinen tidvis har nytta. For å få til ei heilskapleg forvaltning av villreinstamma er det avgjerande at planen omfattar og er forankra i alle dei aktuelle kommunane. Fylkesmannen i Hordaland tok i møte med kommunane i 2006 initiativ til oppstart av ein slik plan.

Fjellheimen villreinområde har eit teljande areal på 1536 km². Villreinstamma no har opphav i utsett tamrein på 1930-talet og fekk status som villrein i 1968. Mange kulturminne i området viser imidlertid at dette tidlegare også har vore eit viktig villreinområde. Truleg vart villreinstamma nedskoten i perioden 1848-1850. Den totale bæreevna i området er vurdert til å vera forholdsvis låg, og med vinterbeite som den viktigaste minimumsfaktoren. For å unngå overbelasting på vinterbeite, er det sett opp mål om ein vinterbestand på ca. 500 dyr (jf. Bestandsplan for Fjellheimen villreinområde 2006 – 2008).

2. Føremål

Føremålet med kommunedelplanen er å sikra leveområdet og levevilkåra for villreinen på kort og lang sikt, jf. naturmangfaldlova §1. Dette vil ein oppnå ved å utvikle ei samordna og heilskapleg forvaltning av villreinområdet.

Kommunedelplanen skal vera det overordna planverktøyet for kommunane i forvaltninga av villreinstamma og skal vera styrande for den framtidige arealbruken i området.

3. Planarbeid

I samband med oppstart av planarbeidet vart det oppretta ei styringsgruppe med politiske representantar frå dei 6 kommunane med areal innan villreinområdet. Dei respektive fylkesmennene, villreinnemnda og villreinutvalet har hatt møte og talerett i styringsgruppa.

Det vart vidare oppretta ei arbeidsgruppe som har hatt slik samansetning ; 1 repr. frå Voss, Vik og Aurland kommune, 1 repr. frå villreinnemnda og 1 repr. frå villreinutvalet. Dei respektive fylkeskommunane og andre faginstansar har vore konsultert etter behov.

Ved oppstart av planarbeidet vart det utarbeida eit planprogram som vart vedteke av dei einskilde kommunane i 2008. Det har vore møte med planforum i Hordaland. Ved planoppstart vart det arrangert eit ope informasjonsmøte om villrein og det interkommunale planarbeidet.

I 2009 vart det utarbeida eit planframlegg som vart utsent til høyring i dei respektive kommunane. Planarbeidet stansa imidlertid opp då Vik kommune i samband med høyringa ville vurdere ny arealbruk på Vikafjellet. Vik kommune fekk i denne samanheng utarbeida ein rapport (NINA Rapport 920-2013) som vurderte konsekvensane av ulike utbyggings-tiltak på Vikafjellet. På grunnlag av denne rapporten har Vik kommune i 2014 rullert og vedteke sin kommuneplan. Arbeidet med den interkommunale kommuneplanen starta derfor opp att i mars 2015.

Arbeidet med kommunedelplanen er finansiert ved tilskot frå Fylkesmannen i Hordaland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Norsk Institutt for Naturforskning (NINA) har vore engasjert for å utarbeida eit fagleg grunnlag for kommunedelplanen (NINA Rapport 411-2008). Voss kommune har hatt sekretærfunksjonen for planarbeidet.

4. Planområde

Planområdet omfattar fjellområdet over kote 700* i området som er avgrensa av Sognefjorden i nord og Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden i aust, E16 i sør, og Osterfjorden, E39 og Stordalen i vest (jf. plankartet). Fjellheimen Villreinområde utgjer hovuddelen av planområdet.

Området vest for Modalen/Norddalen er i planen definert som ei *randsone* til villreinområdet (deler av dette arealet ligg i Masfjorden kommune).

Deler av Stølsheimen landskapsvernombord (oppretta 1990) og Nærøyfjorden landskapsvernombord (oppretta 2002) inngår i planområdet. Arealet som høyrer til Nærøyfjorden landskapsvernombord står på Unesco si *verdsarvliste* som ein del av «Vestnorsk fjordlandskap».

Arealformål og omsynssoner.

Arealformål i planområdet etter Pbl. §11-7:

- | | |
|--|-----------------|
| - Landbruk, natur og friluftsområde, samt reindrift | Pbl. § 11-7.5. |
| - LNF Spreidd hyttebygging. 5 mindre område langs RV13 | Pbl. § 11-7.5 b |
| - Bebyggelse og anlegg, fritidsbebyggelse | Pbl. § 11-7.1 |
| - Bebyggelse og anlegg, idrettsformål | Pbl. § 11-7.1 |
| - Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur, parkeringsplassar | Pbl. § 11-7.2 |

Omsynssonar etter Pbl. §11-8:

I planområdet gjeld følgjande *omsynssonar* etter Pbl. § 11-8:

Bevaring naturmiljø (villreinområde)	OM 560_1	Pbl. § 11-8 c
Randområde til villreinområdet	OM 560_2	Pbl. § 11-8 c
Sikringssone for drikkevatn	OM 120_1	Pbl. § 11-8 a
Stølsheimen landskapsvernombord	OM 720_1	Pbl. § 11-8 d
Nærøyfjorden landskapsvernombord	OM 720_2	Pbl. § 11-8 d
Bevaring av kulturmiljø :		Pbl. § 11-8c
- Sendedal stølsområde	OM 570_1	
- Vatnane Fjellstøl	OM 570_2	

- Alrekstolen	OM 570_3	
Bevaring friluftsliv		Pbl § 11-8c
- Øvre Bødalen	OM 530_1	
- Skjelingen	OM 530_2	
Område der eks. reguleringsplan gjeld :		Pbl §11-8f
- Voss Fjell-landsby	OM 910_1	
- Ny svevebane til Hanguren	OM 910_2	

* Omsynsonen avvik frå 700m-koten ved Voss Fjellandsby i Myrdalen og ved alpinområdet Hanguren-Bavalen i Voss kommune, og på strekninga Bøeggi til Storehaug i Vik kommune.

Det ligg føre godkjend fylkesdelplan (2006) for ny RV13 gjennom Vikafjellet.

5. Planstatus

Interkommunal kommunedelplan jf. Pbl § 9-1 for Fjellheimen villreinområde har status som kommunedelplan jf. Pbl § 11.1 tredje ledd i dei einskilde kommunane. Planen inneholder eit plankart i målestokk 1:70 000, føresegner og retningsliner for arealbruk, eit handlingsprogram og eit temakart.

6. Nasjonal / regional politikk

6.1. Nasjonal politikk

Noreg er det einaste landet i Europa som har intakte økosystem i høgfjellet med villrein. Fordi ein stor del av den europeiske villreinbestanden lever i Noreg, er villreinen rekna som ein norsk ansvarsart. Ulike arealinngrep som vegar, vassdragsreguleringar og hyttebygging har medverka til å splitte opp villreinen sine leveområde. Sikring av leveområda er viktig for å kunne ta vare på villreinen sin sentrale plass i norsk fjellfauna. Dei største utfordringane i dag er knytt til utbygging og aktivitet i randsonene og hovudtrafikkårene til eller gjennom villreinområda.

I St. meld. nr. 26 (2006-2007) «Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand» vil regjeringa

- *Sikre villreinens sentrale plass i norsk fjellfauna, gjennom regionale planer og etablering av europeiske og nasjonale villreinområder*
- *Stimulere til at fylkeskommuner, fylkesmenn og kommuner samarbeider om regionale planer for fjellregionene som avklarer langsiktige rammer for blant annet hyttebygging, næringsutvikling og store infrastrukturtiltak*
- *Stimulere til bedre samordning mellom verneforvaltning og forvaltning etter plan- og bygningsloven og andre lover i fjellet*

6.2. Regional og kommunal politikk

I fylkesplan for Hordaland (2005-2008) heiter det m.a. " *Hordaland skal verna om biologisk mangfold og verdifulle areal- og naturressursar på land og sjø, som strandsona, friluftsområde med regional verdi, større inngrepsfrie område og kulturmiljø. Særmerkte artar skal sikrast mot utrydding*".

I fylkesplan for Sogn og Fjordane (2005-2008) er det m.a. framheva som viktig at ein skal " *arbeide for at økologisk kunnskap vert lagt til grunn i areal og næringspolitikken*".

I kommuneplanen for Voss (2015-2026) er det m.a. eit mål at " *det biologiske mangfaldet i kommunen skal sikrast. I område med høg verdi skal ein unngå inngrep*".

I kommuneplanen for Vaksdal (2005-2015) heiter det m.a." *Kommunen vil i si forvaltning og i eiga drift søkja å fremja løysingar som er berekraftige. Kommunen vil leggja "føre var" prinsippet til grunn i si forvaltning*".

I kommuneplanen for Modalen kommune (2015-2016) heiter det i føresagnene for LNF-området ;
« *Formålet gjeld landbruks-, natur, og friluftsområde med nødvendige tiltak for landbruk og gardsbasert næringsverksem basert på garden sitt ressursgrunnlag* ».

I kommuneplanen for Masfjorden kommune (2012-2024) er eit overordna mål at kommunen « *tar vare på natur-og kulturverdiane og har fokus på berekraftig lokalsamfunnsutvikling* »

I kommuneplanen for Vik kommune (2013 - 2024) heiter det under retningsliner for miljø " *Vik kommune skal i samarbeid med Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd og Fjellheimen villreinutval bidra til god forvaltning av villreinstamma i kommunen sine fjellområde, og vera ein aktiv part i interkommunalt planarbeid for Fjellheimen villrenområde*".

I kommuneplanen for Aurland kommune (2008-2020) heiter det under lokal agenda 21 og berekraftig samfunnsutvikling; « *Aurland kommune vil trekke innbyggjarane inn i planlegging og samfunnsutforming i tråd med LA 21. Aurland kommune skal arbeide for å vere eit berekraftig samfunn med omsyn til biologisk, økonomisk, sosial og kulturell berekraft*».

I kommuneplanen for Høyanger kommune (1999-2010) heiter det

I forvaltningsplan for Nærøyfjorden landskapsvernombanen heiter det at « *omsynet til villreinen skal alltid tilleggjast vekt i avgjerder om tiltak innanfor deira leveområde. Det skal vere nært samarbeid med villreinutval og villreinnemnder. Ein skal legge opp til å unngå ferdsle gjennom kalvingsområde i april/mai*».

7. Villreinen i Fjellheimen

Fjellheimen består av store fjellparti sør for Sognefjorden og strekkjer seg frå Fresvik i aust til Masfjorden i vest. I NINA- rapport 411; «Villreinen i Fjellheimen - Status og sårbare habitat» heiter det m.a. ;

« Dette kystnære fjellområdet er svært snørikt, men nedbørsmengden avtek sterkt austover. Vinterbeitene representerer difor berre ca. 10 % av beitene totalt sett, mens sommarbeitene er rikt utbreidd. Einskilde lavkledte ryggar finns mellom anna ut mot Nærøyfjorden og Stalheim.

Fjellandskapet er kupert og reinen finner mange gode funksjonskvalitetar, mellom anna snøfonner til vern mot insekt i dei varmaste periodene om sommeren. Det er også mange snøleier med frisk vegetasjon sommeren igjennom. Fangstanlegg og dyregraver viser at dette har vore villreintraktar frå gammalt av. Særskilt interessant er eit stort massefangstanlegg ved Fresviksbreen. Dyregravane si plassering fortel at reinen i hovudsak nyttar dei same trekkvegane i dag som i gamal tid. Bestanden tel i dag ikring 500 vinterdyr.

Vinterbeitene er naturleg utbreidd i dei mest nedbørfattige områdene i aust og sør aust. Generelt kan ein seie at lavbeita i den austlege delen er svært flekkvis fordelt og inngår i ei blanding av grøntbeiter og lavbeiter. Røynslene frå lokale observasjonar tilseier at reinen kan beite ned lavmatta i eit avgrensa område nokså snøgt, for så å flytte til andre område med rikare lavførekomst. Såleis kan det sjå ut som her er korte beiterotasjonsperiodar på grunn av flekkvis og marginal førekommst av lav.

Grøntbeitet har rik førekommst i store delar av Fjellheimen villreinområde, særleg innan områder med dalar og botnar der det er lausmassar og god grobotn for vegetasjon. Høg nedbør saman med variert topografi er og sjølv sagt andre viktige faktorar for den gode grøntbeiteproduksjonen her og gjer at tilgangen på proteinrikt beite er god sommaren og hausten igjennom.

Mellan inste delen av Eksingedalen og Myrkdalens er det eit fjellband (Blåeggi og omegn) der reinen kan trekke nord-sør mellom Vikafjellet og "Volafjellet". Denne korridoren er svært viktig for utveksling av dyr mellom områda her. Aust-vesttrekket over Vikafjellvegen er og svært viktig for bestanden som heilheit. Eit svært sentralt trekk om vinteren er til dømes trekkkorridoren over tunnelltaket mellom Valanipa og Sopandefjellet (tunnellen bygd i 1982). I tillegg er aust-vesttrekket sør for Skjelingavatnet svært viktig.

Røynsla med reinen sitt val av kalvingsland tilseier at desse funksjonsområda kan flytta seg noko over tid. Dei siste 10 åra har området ikring Store Muravatnet vore mykje nyttta til kalvingsland.

Dagens villreinbestand i Fjellheimen har opphav i tamrein som vart sett ut i fjella mellom Vik og Voss fyrst på 1930-talet. Lid (1998) nemner elles at det vart starta tamreindrift her alt i 1850, og at villreinen i fjella mellom Vik og Vossestrand vart nedskoten i åra forut for dette (1848-1850).

Slaktevektene i Fjellheimen tyder at dyra sin kondisjon er god og stabil. For simle 2år+ (nytta som den mest representative kategorien når det gjeld kondisjonsmål) ligg gjennomsnittleg slaktevekt på den øvre del av skalaen for norske villreinbestandar. Reinen i Fjellheimen er døme på ein bestand i eit kystnært fjellandskap som trass i

svært marginale vinterbeite er vital og i godt hald. Gamle fangstminne av stort mangfald tyder og på at det har vore god bestand her jamvel i tidlegare tider. Gunstig topografi og stadvis svært gode barmarksbeite (vekstbeite), med lang beitesesong og godt tilpassa bestandsstorleik, bidreg nok til bestanden sin gode kvalitet. Reinen er og har vore ein nøkkelart i Fjellheimen i det meste av perioden etter siste istid.

Dei tyngste inngrepa i Fjellheimen er forårsaka av kraftutbygging, veg- og hytteutbygging. Bandlegging av beite, trekkvegar (også hindringar i form av skjeringar og brøytekantar) og andre funksjonsområde samt effektar av kraftleidningar utgjer negative faktorar for reinen i området.

Ei rekke inngrep og uroingskjelder påverkar reinen i Fjellheimen negativt. Det er viktig å legge til grunn at det er summen av desse saman med dei naturgjevne tilhøva som til slutt blir avgjerande for effektane på reinen. Ein må også nemne at mange bygningar (setrar) og tilhøyrande aktivitet i Fjellheimen meir eller mindre har gått ut av bruk dei siste 50 åra og ført til mindre uroing i delar av området. Seterhusa kan somme stader rettnok bli nytta i samband med ettersyn av beitedyr.

Totalt sett er planen for utviding av Voss fjellandsby svært omfattande og vil med full utbygging påverke eit betydeleg areal innan reinen sitt leveområde. Habitatet sin karakter og kvalitet i randsonearealet her er rett nok godt representert i villreinområdet (grøntbeiter – vår, sommar, haust), og det hovudsakelige av aktiviteten i Myrdalen vil vere vinterstid. Som vinterbeiteområde er desse snørike delane av villreinområdet ikkje dei mest verdifulle og nytta delane av området. Det største skadepotensialet i høve til rein ligg truleg i ei mogleg uroing lengre innover i fjellområdet, gjennom utfart frå toppområda på heisgatene. Særskilt tenker ein da på den sårbare flaskehalsen mellom Volaområdet og Vikafjellområdet. Vidare vil full utbygging i Myrdalen generere ein trafikkauke og auka utfart frå Rv13 på Vikafjellet. Med det store gjestepotensialet det er lagt opp til, vil det og kunne bli auka ferdsle og aktivitet i tilgrensande fjellområde i sommarsesongen. Det er viktig at ein har perspektiv på Voss fjellandsby som ein del av det totale uroingsbiletet i Fjellheimen villreinområde.

Dei to vestlegaste skiheisene ved fjellandsbyen går langt opp i fjellet og er truleg dei som vil ha størst potensiale for å generera ferdsle inn mot det sårbare reinstrekkområdet (nord-sør) i Torvedalen. Det vil ut frå eit slikt perspektiv vere ein klar fordel om skiheiser og nedfartstrasear vart meir koncentrert mot nordaust i samband med dei andre heistraseane der.

Vikafjellvegen er utsett for å bli stengt vinterstid på grunn av uver. Bygging av miljøtunnell her er difor kome fram i samfunnsdebatten. Ei slik løysing vil klart også vere positiv for villreinen, dersom vinterbrøyting av andre vegar inn på Vikafjellet ikkje finn stad. Uroingspotensialet vil såleis kunne bli sterkt redusert og trekkvegane sin funksjonalitet betydeleg betra. Vinterbrøyting av vegar inntil hyttene på Vikafjellet vil kunne redusera denne nemnte vinsten betydeleg (avhengig av trafikkomfanget ein får i området). Ein vil likevel tru at ein lettare ville kunne regulera slik lokal ferdsle, enn ferdsla på Rv13 i dagens tilstand «.

Klimaendringar og moglege følgjer for villreinbestanden.

Klimaet i Noreg vil truleg bli mildare, fuktigare og meir ustabilt. Dette kan slå negativt ut for reinen om vinteren. Tilgangen til vinterbeite er minimumsfaktoren for villreinstamma i Fjellheimen og eit mektigare snødekke og fleire periodar med harde islag over beita kan slå negativt ut på stamma. Om sommaren kan derimot ein lengre avsmeltningsesong føra til at reinen har betre tilgang til nyspira og proteinrike grøntbeite.

8. Føresegner for planområdet jf. PBL§ 11-7

8.1. Vedtekne planar, jf PBL §11-8f

Dersom det er motstrid mellom kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde og andre tidlegare planar i planområdet, er kommunedelplanen for Fjellheimen gjeldane. Følgjande planar skal likevel gjelde ; Reguleringsplan for Voss Fjellandsby (2010) og ny svevebane til Hanguren (2015). Planane er vist som omsynsone OM910.

Føresegner og omsynssoner i kommuneplanar, kommunedelplanar og reguleringsplaner gjeld tilsvarende for planområdet så langt det ikke er motstrid med den interkommunale kommunedelplanen jf. Pbl § 1-5.

8.2. Bandlegging etter Naturmangfaldlova, jf PBL § 11-8d

Område som er verna etter Naturmangfaldslova:

OM720_1 *Stølsheimen landskapsvernombord*

OM720_2 *Nærøyfjorden landskapsvernombord*,

Tiltak i områda skal ikke vera i strid med gjeldande føresegner for områda.

8.3. Sikringsone for drikkevatn, jf. PBL §11-8a

I nedslagsfelt for drikkevatn OM120_1 kan det ikke setjast i verk tiltak etter Pbl §1-6 utan godkjend reguleringsplan. Fritidshus skal ikke ha innlagt vatn eller avløpsanlegg til terreng eller vassdrag.

8.4. Område for spreidd hyttebygging (LNF-spreidd, hytter)

Føremålet gjeld spreidd hyttebygging med tilhøyrande tekniske anlegg, uthus, vegar, parkering, jf. Pbl § 11-7 nr. 5 bokstav b.

Krav som gjeld for områda er gjevne i matrise under, jmf. pbl § 11-11 nr. 1 og 2

Områdenr. jf kommuneplan Vik	Område	Største tal nye hytter	Vilkår
LNF-H2	Fosse vest	3	Krav til reguleringsplan.
LNF-H3	Fosse nord	3	Krav til reguleringsplan
LNF-H4	Hestavollen	10	Krav til reguleringsplan.
LNF-H5	Skjelingen nord	5	Krav til reguleringsplan
LNF-H6	Skjelingen sør	0*	Vilkår i kommuneplan og reguleringsplan.

* ingen nye hytter ut over det som er fastsett i gjeldende reguleringsplan for området

9. Retningslinjer for planområdet

9.1 Retningslinjer omsynssone (OM560_1) for bevaring av naturmiljø, «leveområde for villrein» , jf PBL §11-8c

Omsynssona er i hovudsak samanfallande med Fjellheimen Villreinområde. Omsynsona avvik frå 700m-koten ved Voss Fjellandsby i Myrdalen og ved alpinområdet Hanguren-Bavalen i Voss kommune, og på strekninga Bøeggi til Storehaug i Vik kommune. Omsynssona har LNF- formål og omfattar med nokre unntak alt areal over kote 700. Føremålet med omsynsona er å ta vare på leveområda og levekåra for villreinstamma i Fjellheimen.

Alle nye tiltak i planområdet skal vurderast med tanke på kva konsekvensar tiltaket vil kunne medføre for villreinstamma. Ved søknader om tiltak, der det er tvil om verknadane for villreinen, skal «føre-var prinsippet» leggast til grunn for vedtaket.

- Nye større tiltak i området skal vera heimla i reguleringsplan.
- Villreinnemnda skal ha høve til å gje uttale til alle søknader om reguleringsplanar/dispensasjon før avgjerd.

Stølsområde

Av omsyn til villreinstamma bør det ikkje tillatast ny utbygging i villreinområdet.

Stølshus og andre bygningar for utmarksnæring i landbruket kan oppførast i stølsområdet når det ligg føre eit dokumentert behov, og bruken er i samsvar med plan- og bygningslova sitt landbruksomgrep. Nybygg og ombygging/vøling skal vera tilpassa lokal byggeskikk og tradisjon i stølsområda både i form, dimensjon og materialbruk. Det bør ikkje gjevast løve til innlagt vatn og avløp i eksisterande stølar i området.

Landbruksvegar

Det bør ikkje byggjast nye landbruksvegar eller oppgraderast eksisterande vegar i villreinområdet. Landbruksvegar bør vera stengd med bom, og bør berre nyttast til landbruksformål.

Kulturminne

Planar, tiltak og aktivitetar skal ta omsyn til freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø. Fangstanlegg for rein bør registrerast som kulturminne.

Fritidshus

Av omsyn til villreinstamma bør det ikkje tillatast ny utbygging i villreinområdet.

Innanfor villreinområdet bør det ikkje gjevast dispensasjon til frådeling eller oppføring av nye fritidshus utanfor område som er avsett til byggeformål i godkjende planar.

Etter ei nærmare vurdering kan det gjevast dispensasjon til utviding på inntil 20m² BRA på eksisterande hytter, når arealet etter utviding ikkje overstig 100m² BRA, inkludert evt uthus. Det bør ikkje opnast for meir enn ei utviding pr. fritidsbustad.

Det bør ikkje gjevast løyve til innlagt vatn og avløp i fritidshus.

Næringsstiltak

Ved anleggsdrift bør ein førebyggja ureining. Det bør gjennomførast ei opprydding av anleggsavfall etter tidlegare anleggsperiodar.

Ved ev. ny bergverksdrift innanfor villreinområdet bør det ikkje tillatast dag-anlegg.

Kraftutbygging og kraftlinjer

Ved opprusting/vedlikehald av eksisterande kraftanlegg bør ein nytta eksisterande veganlegg. Ved ev. vilkårsrevisjon for gjeldande konsesjonar i planområdet bør omsyn til villrein vurderast på nytt.

Det bør ikkje etablerast nye kraftanlegg eller nye kraftlinetrasear i villreinområdet. Evt. nye liner bør om mogleg kablast der dette ikkje medfører store terrengeinngrep.

Vegar

RV 13 bør leggjast i tunnel gjennom Vikafjellet.

Eksisterande anleggsvegar bør ikkje forlengjast eller oppgraderast. Dette må likevel vurderast i høve til gjeldande konsesjonar.

Midlertidige anleggsvegar til hytter og andre anlegg bør førast tilbake til mest mogleg opphavleg natur etter byggeperiode.

Brøyting

Ved vinterbrøyting av Rv 13 bør brøytekantane leggjast ned (med breidde avhengig av terrenget) ved viktige kryssingspunkt for villreinen (jf. temakart). Parkeringsplassar i eller nær viktige trekk-korridorar bør fysisk avstengjast.

Anleggsvegar i villreinområdet bør ikkje brøyta opp før 1. juni.

Når RV13 vert lagt i tunnel gjennom Vikafjellet bør den gamle vegen på strekningen Storehaugtunnelen til Finnbuene ikkje brøyta opp i tida 1.november til siste helga før påske (Palmehelga). Frå Palmehelga til 1. juni kan vegen brøyta opp til fylkesgrensa frå sør og til Fosse frå nord. Frå Fosse til fylkesgrensa bør vegen vera stengd fram til 1.juni. Evt. snøscootertransport til hyttene i området bør samordnast ved leigekøyring

Camping

Kommunane bør vurdere å utarbeide ei felles interkommunal forskrift for å regulera / tilrettelegga for camping for telt og campingvogn/bilar langs vegar i villreinområdet, jfr. § 30-5 i plan- og bygningslova.

Motorferdsel

Det bør utøvast ein restriktiv praksis når det gjeld tildeling av løyve til motorferdsle i utmark. Løyver bør organiserast som leigekøyring i faste trasear (jf. § 5a i lov om motorferdsle). Løyver som vert misbrukt bør inndragast. Dei som har løyve i næring (landbruket) bør avgrensa køyringa til eit minimum.

I tida 10.4 -1.7 bør det ikkje gjevast løyve til motorferdsel i eller nær kjende kalvingsområde og dersom det er kunnskap om at villrein er i område. I Dispensasjonar bør det setjast vilkår

med omsyn til villrein. Unntak kan gjerast ved fare for liv og helse, og samfunnsinteresser av stor vekt.

Ved all offentleg aktivitet (t.d. ved militærøvelsar) og ved ulik treningsaktivitet(t.d. hjelpekorps o.l.) bør ein ta omsyn til viktige funksjonsområde for villrein og ein bør avgrensa køyringa til eit minimum.

Hjelpekorpsa sin øvingsaktivitet skal vera del av ein øvingsplan godkjend av politimesteren

Parkering

Utfartsparkering langs RV13 bør styrast til opparbeidde parkeringsplassar i god avstand frå viktige trekkuter for reinen. Eksisterande parkeringsplassar i eller nær viktige trekk-korridorar for rein bør stengjast evt. flyttast (jf. handlingsrogram).

Friluftsliv

Organisert ferdsel og guida turar bør leggjast utanom viktige funksjonsområde for rein. Villrein er ekstra var for vindsegling og liknande aktivitetar. Det bør derfor ikkje tilretteleggjast for slik aktivitet.

Det bør utarbeidast ein samordna sti- og løypeplan for planområdet. Traseane for evt. nye merka stiar og stikka løyper skal leggast utanom stader der dei kjem i konflikt med villreintrekk eller viktige funksjonsområde for den aktuelle årstida. Dersom eksisterande trasear ligg i vesentleg konflikt med trekkvegar eller hindrar trekk i flaskehalsar for reinen bør justering av ruta takast opp til vurdering.

Bandtvang

Kommunane bør innføre likelydande forskrifter om ekstraordinær bandtvang, jf. Lov om hundehald § 6, 2 ledd, pkt. f når det oppstår vanskelege tilhøve for reinsdyrstamma (t.d. store snømengder).

Informasjon

Det bør utarbeidast god informasjon om sårbarle leveområde for villreinen og korleis ein bør oppføre seg når ein er inne i villreinen sitt leveområde. Det bør m.a. setjast opp infotavler om villreinen ved viktige knutepunkt for utfart/parkering. Kommunane, næringsaktørar (som t.d. Voss Fjellandsby og Vik Fjellandsby) og kraftselskap bør i felleskap utarbeida informasjon om reinen og reinen sitt leveområde for å hindra unødig uroing i samband med ferdsel.

Tilskotsordningar

Det bør ikkje gjevast kommunalt lån eller tilskot til tiltak som er i strid med planen si målsetjing.

9.2. Omsynssone for friluftsliv (OM530)

OM530_1 Øvre Bødalen:

Område for skisport og utfart/friluftsliv i tilknyting til Vik skisenter og Vik Fjellandsby. I området kan det etter avtale med grunneigar ryddast og vedlikehaldast skiløyper og stiar

OM530_2 Skjelingen:

Område for skisport og utfart/friluftsliv vinter og sommar i tilknyting til etablert hytteområde på vestsida av RV 13 i Skjelingen. I området kan det etter avtale med grunneigar køyраст /preparerast skiløyper og for langrenn og skiskyting.

9.3. Bevaring av kulturmiljø (OM570)

OM570_1	Sendedal stølsområde
OM570_2	Vatnane fjellstøl
OM570_3	Alrekstølen

Det bør ikkje tillatast tiltak som kan skada eller forringa kulturminneverdiane i områda.

9.4. Retningslinjer omsynssone (OM560_2) randområde til leveområde for villrein, jf PBL §11-8c

Omsynssona ligg inn mot vestre deler av Fjellheimen Villreinområde. Omsynssona har LNF- formål og omfattar alt areal over kote 700.

Føremålet med omsynsona er å ta vare på potensielle leveområde for villreinstamma i Fjellheimen.

- Nye større tiltak i området skal vera heimla i reguleringsplan.
- Villreinnemda skal ha høve til å gje uttale til alle søknader om reguleringsplanar/dispensasjon før avgjerd.

Stølsområde

Stølshus og andre bygningar for utmarksnæring i landbruket kan oppførast i stølsområdet når det ligg føre eit dokumentert behov, og bruken er i samsvar med plan- og bygningslova sitt landbruksomgrep. Nybygg og ombygging/vøling bør vera tilpassa lokal byggeskikk og tradisjon i stølsområda både i form, dimensjon og materialbruk.

Landbruksvegar

Det bør ikkje byggjast nye landbruksvegar eller oppgraderast eksisterande vegar i villreinområdet. Landbruksvegar bør vera stengd med bom, og bør berre nyttast til landbruksformål.

Fritidshus

Det bør ikkje gjevast dispensasjon til frådeling eller oppføring av nye fritidshus utanfor område som er avsett til byggeformål i godkjende planar.

Etter ei nærmere vurdering kan det gjevast dispensasjon til utviding på inntil 15 m² BRA på eksisterande hytter. Det bør ikkje opnast opp for meir enn ei utviding pr. fritidsbustad..

Kraftutbygging og kraftliner

Ved opprusting/vedlikehald av eksisterande kraftanlegg bør ein nytta eksisterande veganlegg. Ved ev. vilkårsrevisjon for gjeldande konsesjonar i planområdet bør omsyn til villrein vurderast på nytt.

10. Planarbeid og sakshandsaming i villreinområdet og randområda

Kommunale plansaker

Alle nye planar i villreinområdet og randområda skal ta utgangspunkt i den interkommunale kommuneplanen. I kommuneplanane sin arealdel skal villreinområdet avsetjast som LNF område med omsynsone «villreinområde». Randområdet skal tilsvarende avsetjast som randområde til villreinområdet.

Konsekvensutreiingar (KU)

Ved nye tiltak skal det utarbeidast ei vurdering av kva følgjer tiltaket vil kunne få for villreinstamma. For større tiltak som skal konsekvensutredast, skal konsekvensane for villrein vera eit viktig tema (jf. § 4-2).

Retningsliner for sakshandsaming

For andre mindre planlagde tiltak i og utanfor leveområdet bør ein vurdere tiltaket sin verknad for villreinen sine levevilkår. Alternativ for inngrep og utbygging bør leggjast fram og vurderast. Dersom det vert søkt / meldt om tiltak som er i strid med villreinplanen, bør kommunen avslå søknaden.

I oppfølginga av planen har kommunane ansvaret for å sikra medverknad og samråd mellom brukarinteresser i kommunale plan- og forvaltingspørsmål som gjeld Fjellheimen villreinområde. Villreininteressene i Fjellheimen er eit felles ansvar. Dersom ein kommune vurderar å dispensera frå reglane i den interkommunale kommunedelplanen, skal dispensasjonssøknaden til uttale hjå fylkesmannen, fylkeskommunen, kommunane i villreinområdet, villreinnemnda og villreinutvalet før vedtak vert gjennomført, jfr. § 19-1 i plan- og bygningslova. Dei same instansar skal varslast om gitte dispensasjoner. Dei har tilgang til å påklage vedtak på vanleg måte.

Dersom søknad/melding er i strid med den interkommunale kommunedelplanen og kommunen ikkje finn heimel i sine planer for å nekte tiltaket, bør kommunen nedleggja mellombels byggje- og delingsforbod etter plan- og bygningslova si § 13-1. Kommunen får då hove til å revidera eigne planar.

Rullering av planen

Interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde bør rullerast kvart 4. år. Dersom ein av kommunane utanom dette ønskjer å endra planen, skal dette skje gjennom ei samordna revidering av planen i alle kommunane innanfor planområdet.

11. Vurdering av planframlegget etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 1: «*Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i framtiden, også som grunnlag for samisk kultur.*»

Prinsippa i naturmangfoldlova §§ 8-12 skal leggjast til grunn ved utøving av offentleg myndighet og det skal framgå av saka korleis disse prinsippa er teke omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka.

Den interkommunale planen er i hovudsak avgrensa til fjellområde og omhandlar i liten grad utbygging. Denne vurderinga har derfor hovedfokus på verknadane av planen for villrein.

Planen skal ivareta leveområda til villreinen i Fjellheimen. Med nokre mindre unntak er leveområda til villreinen lagt inn som omsynsone i planen og det er utforma føresegner/ retningslinjer som skal ivareta omsynet til reinen.

I vest er det lagt inn eit randområde for potensielle leveområde for villreinen. Retningslinjene for randområdet skal ivareta villreinen også i dette området, sjølv om omsynet til villreinen skal vera sterkare i villreinområdet.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8)

Dette er ein grovmaska plan for fleire kommunar. Kunnskapsgrunnlaget om villreinen i området er samla i fleire nyare NINA- rapportar(jf. kap. 3 og 7).

Planane legg vekt på kunnskapen om villreinen sitt arealbehov ut frå at reinen har eit nomadisk livsmønster som stiller krav om tilgang på store areal, på tvers av kommunegrensene. Kunnskap om anna biologisk mangfold er i planen ikkje tillagt stor vekt, men gjennom fastsetting av grenser for villreinområdet og randområde vil også andre artar bli ivaretatt.

Føre-var-prinsippet (§ 9)

Avgrensing av villreinområdet og føresegner / retningslinjer knyta til området har teke utgangspunkt i villreinen sine behov. Den samla belastninga for villrein og anna naturmangfold vil avhenge av planlegging og arealbruk i dei ulike kommunane.

Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10)

Villreinen sin arealbruk innanfor planområdet er vurdert ut frå den samla belastninga som villreinen vil bli utsett for. Planen definerer store areal som villreinområde for å prioritere villrein. Dessutan vert det lagt til grunn at også omsyn til villreinen vert teke i randområdet og ved planlegging av tiltak også utanfor planområdet.

Den samla belastninga for villrein over tid vil vera avhengig av korleis ein klarer å samarbeide og vera føre-var med tanke på utvikling av ulike former for ferdsel i forhold til villreinens bruk av området til ulike årstider og over tid. Økt kunnskap om ferdsel i området og ferdselen sin påverknad på villreinen bør framleis ha fokus.

Kostnader ved miljøforringing skal dekkast av tiltakshaver (§ 11)

Prinsippet i § 11 er lite relevant på dette overordna nivået, men bør nærmere vurderast ved planlegging av konkrete tiltak.

Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12)

Lovteksten : *For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidligere, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater.*
Dette må vurderast nærmere ved planar om nye aktivitetar og/el. utbygging.



Foto : G. Bergo

12. Handlingsprogram 2016 – 2019

	Ansvarleg	Start	Andre aktørar
Vidare kartlegging av villreinen sin arealbruk			
Areal- og beitekartlegging, inklusiv kartlegging av trekkruter	Villreinutvalet		Fylkesmannen
Samanstilling av registrerte kulturminne knytt til villrein Ny registrering av kulturminne knytta til villrein	Fylkeskommunane		Kommunane
Informasjon			
Informasjon (fleirspråkleg) om å ta omsyn til villreinen i skisenter m.m..	Voss Fjellandsby Vik Fjellandsby DNT	2016-2017	Kommunane, FM Verneområdeforvaltar
Informasjonstavler (fleirspråkleg) om villreinstamma på høgfjellsvegane / utfartsårer for turvegar. Viktig at info-materiell får høg standard og sams utforming i heile villreinområdet.	Kommunane BKK Statkraft DNT	2016-17	Voss Fjellandsby Vik Fjellandsby Turlaga i området Verneområdeforvaltar
Villreinmøte for Fjellheimen Årleg møte med alle involverte partar i forvaltinga av fjellområdet	Voss kommune tek initiativ til fyrste møte	2017	Villreinnemnda Villreinutval Fylkesmennene Miljødir. / NINA Verneområdeforvaltar en
Informasjon i media	Kommunane FM, SNO	kontinuerleg	Verneområdeforvaltar
Rv 13			
Ved vinterbrøying av Rv 13 bør brøtekantane leggjast ned i viktige trekk-korridorer	Statens vegvesen	kontinuerleg	Kommunane
Parkeringsplassar i eller nær trekk-korridorer bør fysisk avstengjast.	Statens vegvesen	kontinuerleg	Kommunane
Ferdsle			
Løype- og stiplanar Aktivitetsområde	Kommunane	kontinuerleg	Voss Fjellandsby Vik Fjellandsby Fylkesmennene Verneområdeforvaltar DNT

			Reiseliv Rettshavarane
Årleg vurdering av trøng for ekstraordinær bandtvang	Kommunane	2017	SNO
Samarbeid om praktisering av lov om motorferdsle i utmark i Fjellheimen villreinområde	Kommunane	kontinuerleg	Fylkesmennene Verneområdeforvaltar
Heimel for å regulere brøyting av private vegar	MD		Styringsgruppa Fylkesmenne Fylkeskommunane
Køyre- og parkeringsforbod langs ulike sidevegar	Rettshavarane Fylkesmenne		
Vurdera plassar for camping	Kommunane		Villreinnemnd Verneområdeforvaltar
Oppsyn			
- motorferdsle - bandtvang	Politi/SNO		Kommunane

13. Vedlegg

- Plankart som viser planavgrensing og planformål,
- Temakart som m.a. viser trekkvegar og for villreinen langs R 13.